

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

2. søndag i treeningstida – 19. juni 2022

Evangelietekst: Joh. 3, 1-13

Lesetekst I: Esek 36, 25-29a (**preiketekst**)

Lesetekst II: Rom 6,3-8

«Eg vil reinsa dykk...»

Tekstene i dei ulike tekstrekkene på andre søndag i treeningstida ber med seg eit element av dåp. Dette ser vi i begge lesetekstene denne søndagen. Fokus på dåpen er ikkje unaturleg like i etterkant av pinsefeiringa, der dåpen i vatn og dåpen i Den heilage ande finn saman. Årets preiketekst seier rett nok ingenting om dåp, men den spelar både på det reinsande vatnet og på Andens nye liv i den truande.

Vi er på ein av dei sjeldne søndagane då det er sett opp preiketekst frå GT. Det høvet bør predikanten gripe med begge hender, hode og munn, ikkje minst fordi årets preiketekst kan hjelpe oss til å identifisere det djupt jødiske i den gamle forventinga om ei pakt som skulle overstråle Moses og lova.

Om teksta

Det korte tekstavsnittet som vi er tildelt denne søndagen, er del av eit lengre avsnitt som startar i vers 16 og varer ut kapittelet. Det er forståeleg at ein ikkje brukar 23 vers som preiketekst, men kva ein har tenkt med nøyaktig det utsnittet som er valt, synes uklart. Rammeverket her er profetens forkynning av Israel som Guds demonstrasjonsfolk. Han grip inn med frelse og nåde for folket, enda det er ufortent, for at alle folk skal bli kjent med Herrens store namn. Gud oppfyller det han har lova to kapittel tidlegare, at Han sjølv skal stige ned som gjetar for folket sitt, sidan dei som var sett til den oppgåva, svikta.

Om preiketeksta vår hadde starta med vers 24, hadde vi fått med samanhengen si vektlegging av at Gud samlar Israel frå folkeslaga og tilbake til deira eige land. Neste kapittel handlar om alle dei døde beina som blir samla i landet, der dei skal bli pusta på av Guds Ande og gjort levande. Landet er ikkje nok eller eit mål i seg sjølv. Målet er nytt liv ved Anden.

Preiketeksta går rett på reinsinga i vatn og det nye livet ved Anden. Profeten ser ut til å seie at det lov, bod og reglar aldri klarte å skape i det utvalde folket, blir no skapt ved ei ny pakt som står langt sterkare enn lovpakta frå Sinai. Det som er fødd av kjøt, er kjøt, seier Jesus til Nikodemus i leseteksta frå Joh 3. Sidan det gjeld oss alle, må det ein ny fødsel til for å kome i rett forhold til Gud, og for å leve ut det nye livet i Anden. Kanskje hadde Jesus Esek 36 i tankane då han undra seg over at den skriftlærde farisearen ikkje kjente til den nye fødselen.

Esekiels profeti er nærslekta med Jeremia 31 si forkynning av den nye pakta som skal kome. Også hos Jeremia handlar det om å skape nye hjarte og nytt liv, alt det lovpakta sine bod og reglar viste seg ute av stand til. Hebrearbrevet seier rett ut at «den første [pakta] er forelda» (Hebr 8,13). Det er ei sterk og provoserande utsegn om Moselova av ein jøde. Samtidig gir det eit godt utgangspunkt for formidlinga av evangeliet i jødisk kontekst at deira eigne gamle profetar var så tydeleg på dette behovet for noko anna enn lovpakta.

Preiketeksta er djupt jødisk på den måten at den handlar om paktene og om Guds hand med det utvalde folket. Det er dei som er i førstelinja som mottakarar av den nye pakta. Løfta om det nye livet er hos Esekiel primært retta til det jødiske folket.

Samtidig er det mykje i konteksten som peikar frå det jødisk partikulære til det universelle. Gud vil at hans handling med Israel skal vere eit vitnemål for verda. Eit vitnemål om kva? Om Guds store nåde. Eller for å sitere eit vers som går igjen i alle skriftkategoriane i GT: «Gud er mild og nådig, sein til vreide og rik på miskunn». Det vil han at Israel skal erfare, og det vil han ha gjort kjent mellom folkeslaga.

Gud skal stenke reint vatn på folket så dei blir reine. I Moselova var det foreskrive rituell reinsing for mange situasjonar og erfaringar. Når profeten talar om reinsing her, er nok det bakgrunnen for orda. Samtidig drar han det mykje lengre nettopp ved at han er så krass mot lovpakta sin kapasitet til å reinse. Rituell reinsing fører ikkje fram. Reinsinga må nå djupare og vere varig. Det må reinsast der det ureine kjem frå, «innanfrå» (Mark 7,21).

Her skiftar profeten bilde og går like til hjartet. I ein jødisk kontekst såg ein på hjartet som senter for personen og personlegdomen. Livet hadde si kjelde i hjartet. Er hjartet hardt og kaldt som stein, blir livet hardt og kaldt som stein og ikkje til å endre. Blir dette hjartet skifta med eit kjøthjarte, vil livet pulsere og varmen sirkulere i kroppen.

«Innanfrå» kjem det som svarar til den indre naturen. Frå det mennesket som er fødd på nytt, fløymer det nye livet som leseteksta frå Romarbrevet vitnar om. Når vi ved dåpen har døydd bort frå synda og stått opp til det nye livet i Anden, har synda lenger ikkje noko makt over den truande. Vi er døde med Kristus – og skal leve ut det nye livet i han og med han!

Om preika

Esekiel levde og skreiv 600 år før dåpen blei innstifta av Jesus. Sånn sett er det vanskeleg å gjere dåpen til preika sin hovudsak ved dette høvet. Ved forkynning i ein folkekyrkjeleg samanheng trengs eit edrueleg forhold til omtalen av dåpen, så vi ikkje gjer dåpen til den nye pakta. Ja, dåpen står i teneste for den nye pakta som eit middel for Guds nåde, men den er eit nådemiddel, ikkje nåden sjølv. Dåpen er ikkje nådens kjelde. Nåden har inga anna kjelde enn Gud sjølv, slik den er openberra i Jesus Kristus. Dåpen står i hans teneste som Andens reiskap, kjelda sin kanal, nådens middel. Derfor må vi peike på Han som er nådens kjelde og som gav oss dåpen i nådens teneste.

Sjølv ville eg ha starta preiketeksta i vers 22 og gitt litt undervisning til forsamlinga om innhaldet i denne gamle teksta ut frå konteksten av håpsforkynning i eksilet. Sjølv mange kristne har sjokkerande lite innsikt i GT. Det blir drastisk forverra når folkekyrkja samlar sine kyrkjeframande. Her får forkynnaren sjå si forsamling an, men generelt er det ingen annan veg ut av denne analfabetismen enn undervisning. La gjerne denne søndagen bli eit slik høve, og gløym det ti-minutts-idealet som gjer forkynninga til gudstenesta sin

slankekost. Folk som kjem til Guds hus, fortener langt meir enn det. Gi dei eit skikkeleg måltid med god næring.

Rolf Kjøde

førstelektor, NLA Høgskolen

rolf.kjode@nla.no